



Norddal kommune  
- ein verdsarvkommune



---

# ***PLAN FOR KOMPETANSE- UTVIKLING***

***2014-2020***

***BARNEHAGANE I NORDDAL KOMMUNE***

# Kompetanse for ein framtidig barnehage

## Strategi for kompetanse og rekruttering i Norddal kommune 2014-2020

### Kompetanse for eit godt barnehagetilbod

Gjennom strategien *Kompetanse i barnehagen* og deretter *Vennskap og deltaking* har barnehageeigarar, tilsette i barnehagen og Kunnskapsdepartementet i mange år arbeidd for ei kontinuerleg utvikling av personalet sin kompetanse. Hausten 2013 la Kunnskapsdepartementet ut ny strategi for denne satsinga; *Kompetanse for fremtidens barnehager*. Her vert det slått fast at eit godt barnehagetilbod for alle barn er avhengig av personalet sin kompetanse.

Mål for strategien er å:

- *rekruttere og behalde fleire barnehagelærarar og tilsette med relevant kompetanse for arbeid i barnehagen*
- *heve kompetansen for alle tilsette som jobbar i barnehagen*
- *auke statusen for arbeid i barnehagen*

Tiltak:

I tillegg til vidareføring av eksisterande kompetanse- og rekrutteringstiltak vert det etablert nye tiltak:

- *sikre at fleire ufaglærte får ei innføring i kva barnehage er*
- *stimulere fleire ufaglærte i barnehagane til å ta fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget*
- *stimulerer fleire tilsette til å ta barnehagelærerutdanning*

### Statlege satsingsområde

Kompetansestrategien omfattar fire tematiske satsingsområde som er forankra i formålet og rammeplan for barnehagen, og skal vere førande for barnehagen sitt arbeid med kompetanseutvikling i åra som kjem;

- *pedagogisk leing – barnehagen som lærande organisasjon*
- *danning og kulturelt mangfald*
- *eit godt språkmiljø for alle barn*
- *barn med særskilde behov*

### Tiltak for kompetanseutvikling

Oversikt over kompetanseutviklingstiltak som stat eller fylkeskommune bidrar med midlar til;

- *barnehagefagleg grunnkompetanse*
- *barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak*
- *kompetansehevingsstudie for assistentar og fagarbeidarar*
- *barnehagebasert fagbrev*
- *fagskuleutdanning i oppvekstfag*
- *arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning*
- *tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk*
- *retteleing av nyttilsette nyutdanna barnehagelærarar*
- *retteleiarutdanning*
- *pedagogisk utviklingsarbeid for barnehagelærarar i barnehagen*
- *leiarutdanning for styrarar*
- *mastergrad og PHD*

## **Lokal handlefridom**

Som barnehageeigar må Norddal kommune ta utgangspunkt i lokale ressursar og behov når ein planlegg kompetanseutvikling. Som barnehagemyndigheit skal kommunen sikre eit barnehagetilbod med god kvalitet, og er ansvarleg for at barnehagane har den nødvendige kompetansen som skal til for å drive i tråd med lov og føresegner. Dette krev kontinuerleg utvikling av personalet sin kompetanse. Som utgangspunkt for dette må barnehageeigar kartlegge kompetansebehovet, sette av nødvendige midlar og ha ein langsiktig plan for kva tiltak som skal gjennomførast.

Rammeplan for barnehagen gir overordna føringar, og kvar barnehage har stor fagleg fridom til val av innhald og metodikk tilpassa lokale forhold. Målgruppe for kompetansehevinga er alle tilsette i barnehagane, og det må sikrast at alle i barnehagen over ei gitt periode får ta del i kompetansehevande tiltak. Styrar og pedagogisk leiar har eit særskild ansvar for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

## **Lokale tilhøve**

Norddal kommune har per i dag (2014) kvalifisert personell i alle stillingar der det er krav om pedagogisk utdanning. Dette har over fleire år vore ei utfordring for barnehagane, men frå hausten 2013 løyste dette seg. Ein må likevel ha fokus på å sikre at ein klarer å halde på denne kompetansen og rekruttere nye når dette vert nødvendig.

Fleire av assistentane i kommunen sine barnehagar har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar, og dei utgjer ein solid og stabil kompetanse for barnehagedrifta.

## **Mål**

Med bakgrunn i lov om barnehagar, rammeplan for barnehagen og Kunnskapsdepartementet sin strategi for kompetanseutvikling i barnehagen, skal alle yrkesgruppene i barnehagen gjerast i stand til å møte dei krav, utfordringar og behov som lokale og nasjonale myndigheiter legg opp til. Rett og god kompetanse er ein føresetnad for å vidareutvikle barnehagen som ein lærande organisasjon.

- *Alle tilsette skal kjenne til og aktiv delta i barnehagen sine pedagogiske satsingsområde og målsettingar.*
- *Alle tilsette i barnehagen skal delta på kompetanseutviklingstiltak som barnehagen gjennomfører for dei enkelte yrkesgruppene*
- *Alle fast tilsette assistentar skal ha barnehagebasert fagbrev*
- *Styrarane skal i planperioden få tilbod om leiarutdanning*

## **Lokale satsingsområde i planperioden**

- *Leiarkompetanse*
- *Eit godt språkmiljø for alle barn*
- *Danning og kulturelt mangfald*
- *IKT*

## **Organisering og finansiering**

Korleis ein skal organisere og finansiere det praktiske arbeidet med kompetanseutvikling, kjem ann på kva økonomisk ramme ein får til rådvelde frå nasjonalt og lokalt hald. Tiltaka vil vere ein kombinasjon mellom aktivitetar på tvers av barnehagane, medan andre aktivitetar vil skje i den enkelte barnehage.

Barnehageeigar vil søkje deltaking i interkommunale samarbeidsfora der dette vert lagt til rette for.

Handlingsplan med konkrete tiltak vert utarbeidd årleg i eit samspel mellom barnehageeigar og den enkelte barnehage. Planen dannar grunnlag for søknad om kompetanseutviklingsmidlar frå Fylkesmannen. Bruk av midlane skal rapporterast året etter.

### Handlingsplan 2014-2015

Prioritert område	Konkrete tiltak <i>Deltakarar</i>	Finansiering	Ansvar
<b><i>Utviklingstiltak</i></b>			
Danning og kulturelt mangfald	- leiken som arena for danning Kurs personalet -internt <i>Alle</i>	Statstilskot + Kommunale midlar 5 000.-	Styrrar Pedagogisk leiar
	- sosial kompetanse som føresetnad for vennskap og deltaking Kurs personalet - internt <i>Alle</i>	5 000.-	
Eit godt språkmiljø	- språket si betydning for vennskap, sosiale relasjonar, leik og læring <i>Alle</i>	Statstilskot + Kommunale midlar 5 000.-	Styrrar Pedagogisk leiar
	- den vaksne sitt ansvar for å legge til rette for at barna skal tileigne seg og utvikle språket sitt  <i>Alle</i>	5 000.-	
<b><i>Sum utviklingstiltak kommunal del</i></b>		<b>10 000.-</b>	
<b><i>Kompetanseutviklingstiltak</i></b>			
Barnehagefagleg grunnkompetanse	Foredrag + individuelle oppgåver + gjennomgang i plenum <i>Alle</i>	Statstilskot + Kommunale midlar 5 000.-	Fagsjef
Barnehagebasert fagbrev	Fagbrevutdanning <i>Assistentar som manglar fagbrev</i>	Statstilskot + Kommunale midlar 25 000	Fagsjef Styrrar
Kompass	4 x 2-dagssamlingar HIV <i>Assistentar</i>	25 000.- (8000.- i tilskot frå FM)	Fagsjef Styrrar
<b><i>Sum utviklingstiltak kommunal del</i></b>		<b>27 500.-</b>	